



# ØKONOMIEN I JORBRUKET PÅ VESTLANDET 2016

Trendar og utvikling 2007-2016

Tabellsamling 2012-2016

**NIBIO RAPPORT | VOL. 4 | NR. 16 | 2018**



<b>TITTEL/TITLE</b>
Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2016
<b>FORFATTER(E)/AUTHOR(S)</b>
Marius Berger, Torbjørn Haukås og Hedi Knutsen

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TI LGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
12.02.2018	4/16/2018	Åpen	14306	17/00029
ISBN:		ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:
978-82-17-02040-0		2464-1162	97	

<b>OPPDAGSGIVER/EMPLOYER:</b> Landbruks- og matdepartementet	<b>KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:</b> Marius Berger
---	---

<b>STIKKORD/KEYWORDS:</b> Driftsøkonomi, foretaksøkonomi, Vestlandet, driftsgransking	<b>FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:</b> Regional økonomi Vestlandet
--	--

<b>SAMMENDRAG/SUMMARY:</b>
Ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i Vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert presentert. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2016 var det med totalt 920 bruk, der 179 var frå Vestlandet; 62 i Hordaland, 59 i Sogn og Fjordane og 58 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekta målt som vederlag til arbeid og eigenkapital, gjekk opp samanlikna med 2015. Alle driftsformene hadde ein auke, med unnatak av sauebruka. I motsetnad til 2015, hadde fruktboendene eit godt år med gode avlingar. Nettoinvesteringane på Vestlandet gjekk ein del ned, medan auken i gjeld har flata ut.

<b>LAND/COUNTRY:</b>	Noreg
<b>FYLKE/COUNTY:</b>	Hordaland
<b>KOMMUNE/MUNICIPALITY:</b>	Bergen
<b>STED/LOKALITET:</b>	Bergen

<b>GODKJENT /APPROVED</b>	<b>PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER</b>
Geir Harald Strand	Torbjørn Haukås
<b>NAVN/NAME</b>	<b>NAVN/NAME</b>

# Forord

Driftsgranskningane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2016 omfatta 920 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskingsa er stort, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneholder lokale data frå Vestlandet.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For rekneskapsåret 2016 var det med 179 bruk frå Vestlandet i granskingsa. Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved fleire av NIBIO sine kontor. NIBIO kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Marius Berger har skrive rapporten med bidrag frå Torbjørn Haukås og Heidi Knutsen. Geir Harald Strand har lese gjennom rapporten, og Anne Bente Ellevold har klargjort manus for trykking.

Bergen, 12.02.18

Torbjørn Haukås

# INNHOLD

1 Innleiing .....	5
2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2016 .....	6
3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret .....	10
3.1 Resultatmål i jordbruket.....	10
3.1.1 Driftsoverskot.....	10
3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital .....	12
3.1.3 Lønsevne per time.....	14
3.2 Skogbruket.....	15
3.3 Totaløkonomi .....	15
3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet .....	17
3.4.1 Nettoinvestering .....	17
3.4.2 Gjeld .....	18
3.4.3 Soliditet .....	19
3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag .....	20
4 Utviklinga i sauehaldet på Vestlandet .....	23
4.1 Innleiing om næringa og lønsemda .....	23
4.2 Påverkar storleiken på buskapen løsmenda? .....	25
4.3 Oppsummering .....	28
5 Tabellsamling 2012-2016.....	29
6 Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga .....	97

# 1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overtaken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947. Ved fusjonen mellom NLI og Budsjettinemnda for jordbruket i 1986, vart driftsgranskingane lagde til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking, NILF. Etter fusjonen mellom NILF, Bioforsk og Skog og landskap i 2015, hamna driftsgranskingane i Avdeling for driftsøkonomisk analyse i Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspeil til offentleg politikk og forvalting. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2016 var det i alt med 920 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 20 mjølkesamdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat, og er ikkje med i driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekryterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Utrekte bruk skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000<sup>2</sup>. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultatet på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert mellom 5 og 10 prosent av deltakarbruka skifta ut. Av dei 920 bruka i driftsgranskingane i 2016, kom 179 bruk frå Vestlandet, 62 frå Hordaland, 59 frå Sogn og Fjordane og 58 frå Møre og Romsdal. Denne rapporten tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2016, og viser økonomiske utvikling dei siste ti åra.

Kapittel to viser hovudtala for Vestlandet for 2016, og omhandlar driftsresultatet i jordbruket for dette året. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I kapitel 4 ser vi nærmare på korleis utviklinga har vore i sauehaldet på Vestlandet dei siste 5 åra, både samla og fordelt på ulike storleiksgrupper. Kapittel fem er sjølv tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Dette må ein ta omsyn til når ein tolkar resultata eller nyttar tala. Alle økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte. Sist i rapporten finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettinemnda i jordbruket. Frå 1.7.2015 inngår NILF i NIBIO som er ein fusjon mellom Bioforsk, Skog og landskap og NILF.

<sup>2</sup> Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt utan tilskot. Klassifiseringa er felles for EU-statistikken.

## 2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2016

Hovudtendensar:

- Jordbruksinntekta til vestlandsbonden auka meir enn for enn landsgjennomsnittet
- Auke for dei fleste produksjonane, men nedgang for sauehaldet.
- Eit godt år for brukar med fruktproduksjon

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 297 200 i 2016. Det er ein auke på kr 19 700 frå året før. I gjennomsnitt for landet var jordbruksinntekta om lag uendra med kr 332 800 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 266 dekar, 17 dekar meir enn i 2015.

Det er dei minste brukar som fekk auka jordbruksinntekta mest frå 2015 til 2016. I denne gruppa finn ein mange av brukar med fruktproduksjon. Desse produsentane hadde eit godt år i 2016, og fekk auka jordbruksinntekta med 39 prosent.

**Mjølkeproduksjon** er basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Mjølkesprodusentane fekk auka jordbruksinntekta si med 7 prosent frå 2015 til 2016, og fekk i gjennomsnitt kr 322 000 per årsverk i jordbruksinntekt. Omsett mjølk har auka med 13 800 liter og mjølkeprisen auka med 13 øre per liter. I alt auka mjøleinntektene med 11 prosent. I 2016 leverte produsentane i denne gruppa 97 prosent av mjølkekveten, 3 prosentpoeng meir enn i 2015.

I tillegg ga auka kjøtproduksjon og prisauke på 2 prosent på storfekjøt, auke i inntektene frå kjøtproduksjon på mjølkesproduksjonsbruka på Vestlandet frå 2015 til 2016. Mjølkesproduksjonsbruka i driftsgranskingane på Vestlandet viste mindre investeringsvilje i 2016 enn året før med ein nettoinvestering på kr 75 900 i middel per bruk. Rentekostnaden var om lag uendra.

Produksjonsomfanget på mjølkesproduksjonsbruka var på 26 årskyr, 1 meir enn i 2015. Dei omsette i gjennomsnitt 187 100 liter mjølk og 5 350 kg storfekjøt (inkl. kukjøt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 334 dekar. Arbeidsinnsatsen var den same som i 2014 og 2015, 1,9 årsverk à 1 845 timer.

**Bruka med kombinert mjølkesproduksjon og sauehald** oppnådde i 2016 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 307 200, 5 prosent meir enn i 2015. Omsett mjølk auka med 6 600 liter (6 prosent) og kjøtproduksjon på storfe auka 5 prosent. Omsett sau- og lammekjøt auka også, med 9 prosent til 2 600 kg. Det var auke i prisane på mjølk og storfekjøt, medan prisane gjekk ned for sau- og lammekjøt og ull. Lammekjøtet gjekk ned med kr 6,24 (11 prosent) per kg. Produksjonsauke, auke i tilskot og moderat kostnadsauke gjorde at jordbruksinntekta auka.

Nettoinvesteringa for desse brukar var låg, berre kr 48 800 per bruk. Gjennomsnittleg jordbruksareal var 377 dekar. Bruka hadde 17 årskyr, det same som i 2015 og 90 vinterfôra sauvar, 7 meir enn i 2015. Arbeidsinnsatsen var om lag den same som i 2014 og 2015, 2,1 årsverk à 1845 timer per bruk.

**For brukar med kombinert mjølkesproduksjon og svinehald** auka jordbruksinntekta med 18 prosent frå 2015 til 2016. I gjennomsnitt for desse brukar var jordbruksinntekta kr 338 600 per årsverk i 2016. På desse brukar har kjøtproduksjonen auka mykje dei siste åra, både for storfekjøt og svinekjøt. I alt vart det omsett 3 650 kg storfekjøt og 24 000 kg svinekjøt (inkl. purke- og råneslakt) i 2016, ein auke på høvesvis 25 og 33 prosent frå 2015. Talet på selde smågrisar auka monaleg frå 2015, med 79 prosent. Mjølkesproduksjonen auka med 6 prosent.

Prisane på mjølk og kjøt auka, medan prisen på selde smågrisar gjekk ned. Totalt auka inntektene frå husdyrprodukt med 34 prosent på desse bruken. Tilskota og andre inntekter gjekk noko ned, slik at produksjonsinntektene auka med 24 prosent frå 2015. Både variable og faste kostnader og gjeldsrentene auka. Arbeidsinnsatsen vart redusert med 220 timer. Saman ga dette auken i årsverksinntekta.

Samla arbeidsinnsats i jordbruksinntekta for bruken med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald har gått ned med nær 500 timer i løpet av dei to siste åra, samstundes som produksjonen har auka. I alt vart det utført 1,9 årsverk på desse bruken i 2016. Bruka hadde eit produksjonsomfang på 221 dekar, 19 årskyr, 13 purker, 712 smågriser for sal og 23 400 kg slaktegris.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald hadde ei nettoinvestering på kr 662 200 i 2016. Det var berre átte bruk i denne gruppa i 2016, utskifting av bruk, eller endringar på enkelBruk gjev derfor store utslag på gjennomsnittstala.

**Suaebruken** på Vestlandet fekk nedgang i jordbruksinntekta i 2016, etter eit par år med auke, og var driftsforma med lågast årsverksinntekt. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på kr 140 000 per årsverk, ein nedgang på 16 prosent frå 2015. Både tal vinterfôra sauer og mengde omsett kjøt var om lag uendra. Prisen på lammekjøt gjekk ned med kr 4,15 per kg i gjennomsnitt og prisen på sauekjøt ned kr 2,75. Marknadsinntektene gjekk ned medan tilskota auka noko, og totalt gjekk produksjonsinntektene ned 1 prosent. Både variable og faste kostnader auka, til saman med 6 prosent. Arbeidsinnsatsen var uendra, 1,1 årsverk. Sjølv om rentekostnaden gjekk noko ned, vart jordbruksinntekta redusert for bruken med sauehald.

I 2016 omfatta driftsforma 26 bruk med i gjennomsnitt 137 vinterfôra sauer og 195 dekar jordbruksareal. Desse bruken har hatt relativt låge nettoinvesteringar gjennom fleire år. I 2016 var nettoinvesteringa svært låg med kr 19 700.

**Produksjon av storfekjøt**, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 177 100 i 2016, ein auke med 23 prosent, etter ein om lag like stor nedgang året før. Det er få bruk i gruppa, utskifting av bruk og endringar på enkelBruk gjev store utslag.

Det vart produsert 15 100 kg storfekjøt på desse bruken i 2016, ein auke på 8 prosent frå 2015. Prisen på storfekjøt auka med 0,43 øre, og inntektene frå husdyrhaldet auka med 6 prosent. Samstundes auka tilskota med 7 prosent. Dei variable kostnadene var uendra frå 2015 medan dei faste kostnadene auka med 4 prosent. Rentekostnaden gjekk ned, og saman med redusert arbeidsinnsats med 0,1 årsverk, vart det auke i jordbruksinntekta.

Det var 9 bruk i gruppa i 2016. I gjennomsnitt hadde dei 360 dekar jordbruksareal, 20 ammekyr, 28 kviger og oksar og ein arbeidsinnsats på 1,2 årsverk i 2016.

**Frukt- og bærproduksjon** er den driftsforma som har størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. For desse bruken vart 2016 eit godt frukttår, etter eit særleg dårlig år i 2015. Særleg var det epleavlingane som vart betre enn i 2015, men også for dei andre fruktslaga vart det avlingssauke. Epleprisen var om lag uendra medan prisane på dei andre fruktslaga gjekk noko ned. Auken i både marknadsinntekter og tilskot saman med svært moderat kostnadsvekst, ga auke i jordbruksinntekta med 39 prosent frå 2015. I alt vart jordbruksinntekta på kr 322 600 i 2016.

Arbeidsinnsatsen var uendra frå 2015, 1,9 årsverk per bruk. Det var 23 produsentar i denne gruppa. I gjennomsnitt hadde dei eit jordbruksareal på 62 dekar.

**Vestlandsbruken** hadde låge nettoinvesteringar i 2016 samanlikna med landsgjennomsnittet med kr 95 800 i gjennomsnitt per bruk. I gjennomsnitt for landet var nettoinvesteringa kr 150 700. Samla gjeld auka med 3 prosent for vestlandsbonden, og var på 2,4 mill. kr i middel per bruk. Grunna lågare rentenivå, gjekk rentekostnaden likevel ned med 5 prosent.

**Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruksfrådraget på Vestlandet** utgjorde 44 prosent av dei samla inntektene til familien i 2016, eit prosentpoeng meir enn i 2015. Lønsinntekt utgjorde 39 prosent. Skogbruk og tilleggsnæringsinntekten med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 prosent og 5 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.


**Maksimalt jordbruksfrådrag** var kr 166 400 i 2016. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2016 kr 329 100 i gjennomsnitt per årsverk for brukena frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 31 900 per årsverk. Dette er ein nedgang på kr 2 100 grunna lågare skattekonsentrasjon i allmenn inntekt. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2016

	Tal bruks dekar	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2015	2016
Vestlandet, alle	179	266	403 500	437 200	277 500	297 200	311 500	329 100
Bruk < 50 dekar	11	33	215 900	271 800	264 700	309 400	309 400	350 200
« 50 - 100 dekar	21	76	195 900	316 600	210 300	272 700	240 500	298 500
« 100-200 dekar	39	154	352 300	385 600	267 100	293 900	301 900	328 400
« 200-300 dekar	47	245	380 300	399 200	258 000	272 200	292 400	305 200
« 300-500 dekar	43	376	563 600	506 900	321 600	309 500	357 400	342 500
>500 daa	18	669	597 200	723 700	297 000	330 200	322 400	356 100
Mjølkeproduksjon	75	334	518 800	553 400	300 000	322 000	332 700	353 600
Mjølk/saukehald	19	377	504 900	516 100	293 300	307 200	326 500	338 400
Mjølk/svinehald	8	221	447 400	570 900	285 900	338 600	319 200	373 500
Kjøtproduksjon, storfe	9	358	150 300	165 700	144 200	177 100	180 400	210 600
Saukehald	26	195	151 500	120 100	166 500	140 000	206 500	174 400
Frukt og bær	20	59	236 200	451 600	231 500	322 600	261 000	350 100
Mjølk Hordaland	16	336	486 400	518 400	286 100	304 300	319 100	335 100
Mjølk Sogn og Fjordane	18	235	404 400	473 400	254 600	300 800	287 300	333 700
Mjølk Møre og Romsdal	41	377	592 700	602 300	326 900	336 900	359 400	368 300

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på eigenkapitalen



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer for Vestlandet og landet i perioden 2007–2016

### 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruksoperaasjonane på Vestlandet fra og med 2007 til og med 2016. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskilde bruk gje utslag på resultata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2016-kroner. Definisjonar av dei ulike resultatmåla er teke inn heilt sist i rapporten.

#### 3.1 Resultatmål i jordbruksoperaasjonane

##### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien, og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Driftsoverskotet for bruksoperaasjonane på Vestlandet har i hovudtrekk følgt same trenden som resten av landet. Fram til 2009 låg Vestlandet noko lågare enn landsgjennomsnittet, og mellom 2009 og 2014 om lag likt med landet. I 2015 og 2016 vart driftsoverskotet lågare enn landsgjennomsnittet. For 2016 vart det auke på Vestlandet og nedgang på landsbasis.


Bruka med frukt og bær hadde ein betre sesong i 2016 samanlikna med 2015. Prisane på dei aller fleste produkta har auka, samtidig som produksjonen av både mjølk og kjøtt har auka. Inntektene frå husdyrproduktene har auka med 10,5 prosent i nominelle tal. Det har også vore ein auke når det gjeld tilskot, medan andre inntekter var litt lågare samanlikna med 2015. Det var også ein auke i samla kostnader, men ikkje like stor som auken i inntektene. Difor var driftsoverskotet høgare i 2016, samanlikna med 2015.

Av dei ulike driftsformene på Vestlandet var det bruksoperaasjonane med mjølk og svineproduksjon som i snitt hadde det høgaste driftsoverskotet på kr 571 000 i 2016, medan dei som driv med sau i snitt oppnådde eit overskot på kr 120 000. Når det gjeld sauebruk, har det vore ein stor reduksjon i snitt per bruk samanlikna med 2015. Rekna i 2016 kroner er reduksjonen på nesten kr 37 000. Lågare prisar både på sau og lam har vore ei medverkande årsak til dette. Med unnatak av sau, hadde alle dei presenterte driftsformene ein auke samanlikna med 2015.


Dei største bruksoperaasjonane målt etter areal, det vil sei bruk over 300 dekar, har hatt ei jamm positiv utvikling sidan 2010. I 2016 har det vore ein reduksjon når det gjeld driftsoverskotet for denne gruppa. For bruksoperaasjonane under 100 dekar har det vore ein sterk auke som fylgje av gode avlingar blant fruktprodusentane. Når det gjeld bruksoperaasjonane mellom 100 og 300 dekar, har auken i driftsoverskotet vore meir moderat. Sidan 2011 har bruksoperaasjonane i denne storleiksgruppa hatt ei nokså lik utvikling.



Figur 3.1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

### 3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital


Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen. Gjennomsnittet for Vestlandet følger same utvikling som resten av landet fram til 2014. Frå og med dette året har skilnaden blitt større, samanlikna med tidligare periodar. Til saman utgjorde denne forskjellen 36 000 kr per årsverk i 2016. Når ein ser på dei ulike driftsformene med mjølk på Vestlandet, kan ein observera lite variasjon i nivået på dette resultatmålet dei siste åra. Samanlikna med 2015 var det mjølk og svin som hadde størst auke. Blant fruktboendene har det vore meir variasjon, særleg dei tre siste åra. Sauvebruka ligg ein del lågare samanlikna med dei andre driftsformane. Det har vore tilfelle gjennom heile perioden.



Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet




Figur 3.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for driftsformene mjølk/gris, mjølk/storfekjøt og mjølk/sau




Figur 3.6 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for driftsformene frukt og sau

### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar i jordbruket. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste fem åra, og kalkulasjonsrenta har lege på 2 prosent i 2016. Med unnatak av bruka med reint sauehald kan ein observere at alle produksjonane hadde ein auke samanlikna med året før. Driftsformene mjølk/svin og frukt hadde den største auken. Når det gjeld mjølk/sau og mjølk/storfe, har auken i lønnsevne vore noko mindre.




Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet



Figur 3.8 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet

## 3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskningane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruken driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. Skogeigendommane på Vestlandet er i hovudsak små, og bratt terreng kan gjere det mindre lønnsamt å hente ut tømmeret. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen kan variere mykje frå eit år til eit anna. I 2016 vart driftsoverskotet i skogbruket dobla samanlikna med fjaråret, men overskotet er framleis lågt.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet


## 3.3 Totaløkonomi

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frádrag av betalte renter og kår. I heile perioden har Vestlandet lege under landet totalt. Høgare driftsoverskot og lønsinntekter, i tillegg til lågare renteutgifter førte til ei auke i nettoinntekta for bruken på Vestlandet i 2016.

Når det gjeld fordelinga av inntektene til brukarfamilien, er det verd å merke seg at denne har vore nokså stabil over 10-års perioden. Driftsoverskotet frå jordbruket og lønsinntekter utgjer høvesvis 44 og 39 prosent av dei samla inntektene i 2016. Andre inntektskjelder som tilleggsnæring, anna næring, kapitalinntekter, pensjonar og sjukepengar utgjer resten av samla inntekter.



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet

## 3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet


### 3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivingar, investeringstilskot og verdien av selde eidegar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkelt bruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom heile perioden. I 2016 var det ein sterk reduksjon i nettoinvesteringane samanlikna med året før. Likevel er det viktig å påpeike at 2015 var eit rekordår, og dersom ein ser opp mot snittet frå 10-årsperioden, er 2016 nivået innafor normalen. I snitt ligg nettoinvesteringa per bruk på Vestlandet under landsgjennomsnittet dersom ein ser heile perioden under eitt. Investeringar i maskiner, traktorar og reiskap utgjorde nærmare 45 prosent av nettoinvesteringane for Vestlandet for 2016. Blant dei ulike driftsformene er det innan mjølkeproduksjon at nedgangen i nettoinvesteringar har vore størst. Når det gjeld frukt og sau, har det vore ein liten auke samanlikna med fjoråret.



Figur 3.12 Nettoinvestering per bruk i jordbruket for heile landet og Vestlandet




Figur 3.13 Nettoinvestering per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

### 3.4.2 Gjeld

Gjeld er her all gjelda til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2012 minka samla gjeld på Vestlandet, men sidan den gongen har gjelda auka kvart år. Samla gjeld låg i snitt kr 76 200 høgare per bruk i 2016 samanlikna med 2015 rekna i nominelle kroner. Målt i 2016 kroner var det ein liten nedgang.

Gjelta stig jamt gjennom heile tiårsperioden om ein ser på gjennomsnittet for landsdelen, før det flatar ut. Når det gjeld driftsformene frukt og mjølk, har det vore ein liten reduksjon, medan for mjølk/sau, mjølk/swin og sau har det vore ein auke. Driftsforma mjølk/swinehald hadde høgast gjeld fram til 2012, men har seinare hatt ein sterk reduksjon for så å auke att dei siste åra. Dette kan forklara ved oppbygging av produksjonsapparat blant deltagarbruka i denne gruppa. I 2016 var det mjølkebruka som hadde den høgaste gjelda i snitt på nesten 3 millionar kroner. I motsett ende finn ein sauebruka med ei snittgjeld på knappe 1,4 millionar kroner.




Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

### 3.4.3 Soliditet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av eigedelane som er finansiert med eigenkapital. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50 prosent. Alle dei registrerte driftsformene på Vestlandet hadde ein eigenkapitalprosent på 55 prosent eller høgare, men det er stor variasjon mellom enkeltbruk.

Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rentefoten på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle eigedelar til brukarfamilien med. Eigenkapitalprosenten har variert mellom 47 og 80 prosent over tiårsperioden. I løpet av det siste året kan ein sjå at soliditeten blant dei ulike driftsformene har endra seg. For mjølk og frukt har han vore nokså stabil. For sauebruka har det vore ein auke, medan det for mjølk og svin har vore ein nedgang på 4,3 prosentpoeng. Dette må sjåast i samanheng med store investeringar for denne driftsforma. I denne gruppa er det få bruk, og difor kan utskifting av enkeltbruk påverke resultata.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet

### 3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektpolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og er gradvis auka sidan. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget var uendra dei neste fem åra, men frå 2012 vart maksimalt frådrag auka til kr 166 400. Beløpet har vore uendra frå 2012 til 2016. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskningane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektpolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd, eller som driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2016 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 300 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. Maksimalt frådrag kan ein få ved næringsinntekt høgare enn kr 334 300.

Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skatteletten av frådraget utgjer 25 %, og med ein marginal skattesats på 38 prosent kjem ein fram til inntektsverknaden ved å dividere med 0,62. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk. Inntektsverknaden per årsverk varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. På grunn av at skatteprosent i allmenn intekt vart sett ned frå 27 til 25 prosent i 2016, vart effekten av jordbruksfrådraget redusert.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle brukar i driftsgranskningane i 2016 for å sjá på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 133 148. For Vestlandet låg frådraget litt over det nivået, kr 139 386.

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivingar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 63 500 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 334 300.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag 2016, region


Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	188	86	19	117 332	29 333	39 254
Austlandet, andre b.	136	61	10	121 518	30 380	35 317
Jæren	62	41	5	136 599	34 150	29 019
Agder/Rogaland, andre b.	95	53	6	136 472	34 118	32 077
Vestlandet	179	96	6	139 386	34 847	31 917
Trøndelag flatbygder	72	46	3	132 968	33 242	39 074
Trøndelag, andre bygder	77	53	3	144 420	36 105	34 477
Nord-Noreg	111	80	1	151 649	37 912	38 468
Alle	920	516	53	133 148	35 950	34 487

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag 2016, arealgrupper, Vestlandet

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
under 50 daa	11	2	0	123 809	30 952	40 838
50-100 daa	21	6	4	104 352	26 088	25 773
100-200 daa	39	22	2	139 225	34 806	34 528
200-300 daa	47	23	0	143 491	35 873	33 010
300-500 daa	43	30	0	150 313	37 578	25 854
over 500 daa	18	13	1	139 386	34 847	31 917

Tabell 3.3: Jordbruksfrådrag 2016, driftsformer, Vestlandet

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Mjølk	75	46	0	151 109	37 777	31 623
Mjølk-svin	8	7	0	164 366	41 092	34 901
Mjølk-sau	19	16	0	162 464	40 616	31 329
Sau	26	3	2	96 228	24 057	34 476
Frukt og bær	20	6	0	138 958	34 740	27 513



Figur 3.16 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet

## 4 Utviklinga i sauehaldet på Vestlandet

### 4.1 Innleiing om næringa og lønsemda

Av dei presenterte driftsformene i driftsgranskningane for Vestlandet, er det sauehaldet som har det lågaste vederlaget til arbeid og eigenkapital over tid. Frå 2015 til 2016 viser dei ulike resultatmåla ein nedgang for sauehaldet. Sauenæringa på Vestlandet og resten av landet har opplevd ein krevjande situasjon med overproduksjon, som i 2016 resulterte i lågare prisar på både på sau og lam.


På landbasis er det Rogaland som har flest bruk med sau og flest dyr, men både i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er sauehaldet ei viktig driftsform. Det er også vanleg med sau kombinert med mjølkekyr eller ammekyr på Vestlandet, men i dette kapitlet vil vi sjå på økonomien på bruk med sau utan større innslag av andre produksjonar.

For dei 26 sauebruka som var med i driftsgranskningane for 2016, var jordbruksarealet på 195 dekar i gjennomsnitt, medan snittet på tal vinterfôra sauer låg på 135. Storleiken på areala varierte frå mindre enn 50 dekar til over 350 dekar, medan tal vinterfôra sauer varierte frå under 50 til vel 250. Når det gjeld alder på brukarane, var det ein forskjell på 30 år mellom den yngste og den eldste brukaren.


Figur 3.2 viser at bidraget frå jorbruket, i form av driftsoverskot er vesentleg lågare for sauebruka samanlikna med dei som driv med andre produksjonar på Vestlandet.

Ettersom driftsoverskotet for sauebruka er vesentleg lågare enn for andre driftsformer, er det naturleg at desse bruken hentar meir inntekter frå andre kjelder. Medan driftsoverskotet for mjølkebruken utgjer 55 prosent av dei totale inntektene til brukarfamilien, er tilsvarende tal frå sauebruken berre 13 prosent. Heile 64 prosent av samla inntekter vert henta frå lønsinntekt på sauebruken. Ser ein på nettoinntekt, som er samla inntekter med fratrekk frå renter og kår, er skilnaden mindre mellom sauehald og andre driftsformer, som til dømes mjøkeproduksjon.

Figurane nedanfor viser korleis utviklinga i kostnader og inntekter har vore i løpet av dei siste åra. Både når det gjeld dei faste kostnadane og tilskot, har det vore ein auke, særleg dersom ein ser på dei siste tre åra. For bruken med rein sauhold utgjer tilskot ein stor del av produksjonsinntektene. Medan tilskota utgjer om lag 30 prosent av produksjonsinntektene for driftsformene frukt og mjølk, er tilsvarende tal for sauebruken på 60 prosent. Ser ein på dei variable kostnadene og inntektene frå husdyr og planteprodukt, er det ingen klar trend, og utviklinga har vore nokså stabil over perioden. Likevel ser vi ein nedgang i marknadsinntekter siste året. Frå 2012 til 2014 auka driftsoverskotet, medan det er nedgang i 2015 og 2016.




Figur 4.1 Utvikling av inntekter for sauebruk på Vestlandet 2012-2016.



Figur 4.2 Utvikling av kostnader for sauebruk på Vestlandet 2012-2016.

Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk var uendra fra 2014 til 2015 som følgje av lågare driftsoverskot og lågare arbeidsinnsats i jordbruket. På grunn av vanskelege marknadstilhøve for lam- og saupekjøt i 2016, vart driftsoverskotet redusert. Dermed vart det også nedgang i vederlaget for 2016 trass i lågare arbeidsforbruk siste året.



Figur 4.3 Utvikling av driftsoverskot og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for sauebruk på Vestlandet 2012-2016


Sjølv om lønsemada i sauenearea er svak, er både likviditeten og soliditeten god. Som mål på likviditet bruker vi arbeidskapital, som er omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. I snitt over femårsperioden har arbeidskapitalen vore på om lag kr 1 million. Ved at inntektene kjem på ulike tider i året medan utgiftene kjem kvar månad er det viktig å ha god likviditet i sauehaldet. Dessutan har sauebruka god soliditet ved at eigenkapitalprosenten dei siste 5 åra har vore mellom 60-70 prosent.

## 4.2 Påverkar storleiken på buskapen løsmenda?

Det er interessant å sjå på i kor stor grad storleiken på buskapen påverkar lønsemada. Vi vil bruke tal vinterfôra sauer som mål på storleik, og vi vel å dele gruppa inn i tre ulike storleiksgrupper. Dei som har under 100 vinterfôra sauer, dei mellom 100 og 150, og til slutt dei med 150 eller fleire vinterfôra sauer. Det er omlag 8 – 10 bruk i kvar av desse gruppene. Bruka med fleire enn 150 vinterfôra sauer har om lag dobbelt så stort areal i snitt, samanlikna med den minste gruppa. Dessutan er snittalderen til brukar i den minste gruppa noko høgare.


Av figur 4.4 kan ein sjå utviklinga for dei tre ulike storleiksgruppene når det gjeld driftsoverskot dei siste fem åra. Dei største brukar oppnådde høgast driftsoverskot i første del av perioden. Etter 2013 er det investert meir i gruppa med flest vinterfôra sauer. Dette påverkar resultatet negativt. Det har også vore svak produktivitetsutvikling med færre lam, og lågare produksjon av kjøt. Lågare kjøtproduksjon gjev lågare tilskot basert på produsert mengde. I tillegg har avskrivingane auka, som følgje av investeringane.

Sidan 2014 har det vore mellomgruppa som har hatt det høgaste driftsoverskotet. Med unnatak av 2016 har det vore ein auke i denne gruppa sidan 2012. For brukar under 100 vinterfôra sauer, som utgjer dei fleste sauebruka på Vestlandet, var det ein svak auke fram til 2014, medan det har vore nedgang i overskotet dei to siste åra. Frå 2015 til 2016 var det ein nedgang i driftsoverskotet for alle dei tre ulike storleiksgruppene.




Figur 4.4 Utvikling av driftsoverskot etter storleiksgruppe på sauebruk på Vestlandet 2012-2016.

Når det gjeld vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, er det mindre forskjell mellom dei ulike storleiksgruppene. Dette skuldast i hovudsak at arbeidsinnsatsen er lågare ved færre vinterfôra sau. Dette gjeld særleg for gruppa med færre enn 100 vinterfôra sau som ligg om lag 1 100 arbeidstimar lågare en gruppa med 100-150 vinterfôra sau. Den store auken i vederlaget i 2015 for den mellomste gruppa, skuldast i hovudsak to faktorar. Det var ein stor auke i driftsoverskotet, som skuldast ein kombinasjon av høgare inntekter og lågare kostnader, og ein nedgang i tal timar i jordbruksoppdraget om lag 250 timar. Sjølv om rentekostnaden påverkar dette resultatmålet, har denne faktoren spela mindre rolle dei seinare åra på grunn av det låge rentenivået.




Figur 4.5 Utvikling av vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk etter storleiksgruppe på sauebruk på Vestlandet 2012-2016.

Ved å sjå på driftsoverskot per vinterfôra sau, kjem dei minste brukna betre ut. I utrekninga av driftsoverskot per vinterfôra sau har vi brukt gjennomsnittleg tal vinterfôra sau i kvar gruppe. I løpet av femårsperioden har driftsoverskotet per vinterfôra sau vore høgare i for dei minste brukna, samanlikna med dei største. I 2012 og 2013 var det den minste gruppa som oppnådde det høgaste resultatet.



Figur 4.6 Utvikling av driftsoverskot per vinterfôra sau etter storleiksgruppe, sauebruk på Vestlandet 2012-2016.

Arbeidsforbruks per vinterfôra sau varierer også. Det er gruppa med dei største brukna som har lågast arbeidsforbruk per vinterfôra sau, medan dei to andre ligg nokre timar høgare. Tal timar per vinterfôra sau har vore nokså stabil dei siste tre åra. Når det gjeld samla tal timar, er det 1 000 timar i forskjell frå dei minste til dei største brukna dersom ein legg gjennomsnittet av arbeidstimar i jordbruket til grunn. Dei største brukna brukte omlag 70 timar mindre, samanlikna med med dei mellomstore brukna.



Figur 4.7 Utvikling av arbeidsforbruk per vinterfôra sau etter storleiksgruppe, sauebruk på Vestlandet 2012-2016.

### 4.3 Oppsummering

Vi har her sett nærmare på utviklinga i sauehaldet på Vestlandet dei siste 5 åra. Lønsemda i sauehaldet er svak, og ligg ein del lågare samanlikna med dei andre driftsformene i regionen. Det var ein auke både for driftsoverskot per bruk og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årskverk i perioden 2012-2014. Dei to siste åra har det vore ein reduksjon som fylgje av overproduksjon og lågare prisar.

Ser ein på ulike storleiksgrupper, er det bruk med 100-150 vinterfôra sau som har oppnådd det beste resultatet dei siste åra. Tidlegare var det dei med fleire enn 150 vinterfôra sau som hadde best lønsemd. Auka investeringar samt därleg produktivitetsutvikling og prisar har bidrige til lågare lønsemd sidan 2014 for bruk med flest vinterfôra sau. Dei store buskapane har klart lågare timebruk per sau, men auka faste kostnader og låg kjøtproduksjon per vinterfôra sau gjev lågare driftsoverskot per vinterfôra sau for gruppa med størst produksjonsomfang samanlikna med dei andre gruppene.

Sjølv om lønsemda blant sauebruka har vore låg, har dei i snitt hatt tilsvarende nettoinntekt som andre driftsformar i regionen. Sauebruka henter i større grad inntekter frå lønsarbeid samanlikna med andre driftsformar. Dessutan er både likviditeten og soliditeten god i næringa.

## 5 Tabellsamling 2012-2016

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2012–2016. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformane. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Landsdelstal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–299 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (300-500 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt
15. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 20 årskyr
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 20–29,9 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 30 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatrekning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12

## Landsdelstal, Vestlandet

**Tabell 1a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar**

År	2012	2013	2014	2015	2016
Tal bruk	169	171	172	174	179
Alder på brukar	49	50	50	50	50
<b>Arealfordeling og avling</b>					
Korn, daa	2,6	2,4	2,5	2,7	2,7
Grovfôr, daa	227,7	225,5	232,5	239,1	256,1
Frukt og bærareal, daa	6,4	6,2	6,2	6,6	6,4
Jordbruksareal, daa	237,0	234,4	241,7	249,1	266,3
- herav leigd areal, daa	93,5	98,2	108,8	115,6	130,7
Korn i alt, FEm pr daa	1)	258	286	445	450
Grovfôr, FEm pr daa		327	311	347	348
Jordbruksareal, FEm pr daa		327	310	348	349
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Tal årskyr	12,3	11,8	11,7	13,1	13,9
Kumjølk, liter omsett	81 338	79 634	79 526	90 440	100 021
Mjølkekvote	92 448	88 728	91 406	97 829	103 806
Produsert mjølk pr årsku, kg	7 224	7 352	7 467	7 585	7 915
Storfekjøt, kg omsett	3 238	3 766	3 446	3 466	3 773
Tal smågriskull	4	4	4	3	4
Svinekjøt slaktegris, kg omsett	2 431	2 428	2 443	2 539	2 445
Tal vinterfôra sauer (vfs)	36	35	34	35	36
Kg kjøt pr vfs	26	27	25	27	27
Ull, kg omsett pr vfs	4,0	4,1	3,9	3,9	3,8
Årsgeiter	2,9	2,2	2,5	2,6	2,5
Geitemjølk, liter omsett	1 724	1 415	1 609	1 784	1 829
Mjølkekvote	2 037	1 707	1 787	1 710	1 688
Produsert mjølk pr årsgeit, kg	650	710	742	810	824
<b>Arbeidsforbruk, timer</b>					
Brukar	2 121	2 029	1 976	1 966	1 985
Ektefelle	355	348	323	296	276
Barn under 17 år	14	22	3	19	18
Sum familie	2 491	2 399	2 302	2 281	2 278
Leigd arbeid	905	887	900	939	971
Sum timer i jordbruket	3 396	3 286	3 202	3 221	3 249
Sum timer i skogbruket	28	35	28	23	26
Familiens arbeid på nyanlegg	36	29	35	51	42
<b>Oppnådde prisar</b>					
Bygg, kr pr kg	1,95	2,30	2,26	2,25	2,32
Kumjølk, kr pr l	4,78	4,67	4,89	5,25	5,38
Kukkjøt, kr pr kg	40,10	43,92	43,39	46,03	46,48
Anna storfekjøt, kr pr kg	46,07	49,05	51,30	51,98	53,03
Smågris for sal, kr pr stk.	851	775	867	999	928
Svinekjøt slaktegris, kr pr kg	25,21	24,80	26,06	28,31	28,86
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	42,77	46,36	49,68	49,63	45,09
Ull, kr pr kg	29,73	32,08	31,09	33,01	33,12
Geitemjølk, kr pr l	5,84	6,22	6,12	6,49	6,89
Egg, kr pr kg	16,06	16,18	15,11	15,83	16,68

1) Inkl. nytta halmavling

**Tabell 1b: Nettoinvesteringar**

År	2012	2013	2014	2015	2016
Jord, grøfter og vassanlegg	9 110	9 876	15 956	33 521	21 874
Driftsbygningar	13 810	95 056	36 145	107 864	16 559
Maskinar og reiskap	21 887	27 855	25 126	60 398	42 815
Mjølkekvote (ku og geit)	7 979	9 520	8 638	6 873	14 435
Sum nettoinvesteringar	52 786	142 308	85 865	208 656	95 683

**Tabell 1c: Produksjonsinntekter per bruk**

År	2012	2013	2014	2015	2016
Korn	911	1 487	2 415	2 699	2 861
Frukt og andre planteprodukt	91 656	89 160	124 204	92 829	102 692
Planteprodukt i alt	92 567	90 646	126 619	95 528	105 553
<b>Husdyrprodukt</b>					
Storfe, mjølk	388 967	371 565	389 126	474 959	538 116
Storfe, livdyr	21 854	23 056	23 321	25 020	34 739
Kuslakt	63 672	72 635	68 648	82 617	89 358
Anna storfeslakt	95 696	112 458	102 398	118 631	123 084
Smågris	20 540	17 858	20 648	13 383	20 661
Slaktegris	61 454	59 790	63 765	67 971	75 099
Avlsgris	2 074	1 241	1 500	996	1 106
Sauer, livdyr og slakt	42 278	47 949	48 578	51 429	44 630
Ull	4 326	4 685	4 223	4 466	4 550
Geiter, mjølk	10 071	8 797	9 848	11 580	12 602
Geiter, livdyr og slakt	1 003	1 397	989	560	303
Andre inntekter, husdyrhald	1 315	20 169	25 771	23 675	23 626
Husdyrprodukt i alt	737 175	741 600	758 815	875 287	967 874
<b>Tilskot</b>					
Kulturlandskapstilskot	40 058	39 827	41 034	41 046	42 722
Arealtilskot, grovfôr	41 499	40 893	41 820	44 277	46 782
Arealtilskot, korn	668	640	753	521	594
Produksjonstillegg, husdyr	101 739	104 713	106 640	113 866	107 844
Botnfrådrag	-3 120	-3 135	-3 122	-6 063	-6 223
Drifts-, grunn og distr.tilkot	156 608	162 599	176 229	178 093	201 851
Beitetilskot	31 217	31 938	34 829	34 290	34 163
Regionale miljøtilskot	10 344	10 844	13 300	13 304	12 951
Refunderte avløysarutgifter	57 428	58 054	59 225	59 230	59 672
Andre tilskot	9 484	24 826	23 235	22 365	26 794
Tilskot i alt	473 984	471 199	493 943	500 929	527 150
Leigeinntekt, traktor og reiskap	13 602	14 679	16 477	18 070	17 226
Andre inntekter	4 763	5 929	9 954	10 487	4 131
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>1 306 656</b>	<b>1 324 054</b>	<b>1 405 808</b>	<b>1 500 301</b>	<b>1 621 934</b>

**Tabell 1d: Kostnader per bruk**

<b>År</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
<b>Variable kostnader</b>					
Kraftfør	244 753	252 872	261 471	287 347	303 889
Anna fôrkostnader inkl. beiteleige	18 038	22 233	15 979	21 682	26 041
Såvarer	5 906	8 815	6 067	6 576	5 972
Handelsgjødsel og kalk	42 239	44 234	43 813	45 881	49 869
Plantevernmiddel	5 009	4 598	5 438	4 704	5 751
Konserveringsmiddel	7 293	6 172	6 958	6 902	7 927
Andre forbruksartiklar m.v.	69 049	70 999	79 605	88 140	95 102
Kjøp av dyr	40 227	42 489	43 605	44 890	45 216
<b>Sum variable kostnader</b>	<b>435 443</b>	<b>456 243</b>	<b>462 936</b>	<b>506 122</b>	<b>539 767</b>
<b>Faste kostnader</b>					
Leidt arbeid	109 400	108 714	112 665	120 729	124 357
Drivstoff	25 184	27 300	27 430	27 439	28 995
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	10 278	9 588	9 971	9 676	10 326
Vedl.h. driftsbygningar	34 750	33 701	32 395	39 675	45 472
Vedl.h. traktor og maskinar	56 792	51 865	56 106	59 851	66 305
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	3 870	4 221	4 385	4 646	5 111
Avskr. driftsbygningar	58 444	65 055	71 934	86 601	96 473
Avskr. traktor og maskinar	51 678	54 288	58 258	66 801	70 351
Maskinleige	36 589	37 155	46 301	47 246	52 976
Leige av dyr og bygningar	8 330	8 392	7 481	7 594	13 896
Leige av kvote	2 489	2 219	2 364	3 740	4 928
Andre faste kostnader	101 161	104 997	108 441	116 591	125 735
